



Arkivnr: 2014/560-400

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		04.03.2019

Invitasjonar til Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har motteke ulike invitasjonar adressert til Ungdommens fylkesutval 2019.

Presentasjon for Fellesnemnda 13. mars 2019

Fylkesvaraordførar i Hordaland fylkeskommune, Pål Kårbø, inviterte under si opning av Ungdommens fylkesting 2019 det nye Ungdommens fylkesutval til å presentere seg for Fellesnemnda på deira møte 13. mars 2019. Ein må leggje til grunn at også Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane også vert invitert.

Ungdommens fylkesutval bes ta stilling til om dei ønskjer å presentera seg og kven som skal stille.

Klimathon 2019

Ungdommens fylkesutval er invitert til Klimathon 2019 i Bergen 19-20. mars. Klimathon er eit nasjonalt arbeidsseminar med klimatilpassing som tema. Dei seinare åra har ekstremvær og naturskader auka i omfang. Hordaland er øvst på landsstatistikken med over éin milliard i erstatningsutbetalingar sidan 2010. Grunna at det var knapp påmeldingsfrist så har UFU allereie ein reservert plass og har fått tildelt plass i arbeidsgruppa «Helhetlig styring, organisering og ledelse».

Ungdommens fylkesutval bes ta stilling til om ein skal delta og kven som skal delta.

Youth has a voice!

Rogaland sitt ungdommens fylkesting «Rogaland County Youth Parliament» organiserer en konferanse i Sandnes 21-22 mars: « YOUTH HAS A VOICE». Ungdommens fylkesutval i Hordaland er invitert til å sende to delegatar. Se vedlagt invitasjon.

Ungdommens fylkesutval bes ta stilling til om en skal delta og kven som skal delta.

Baltic Youth Exchange

Baltic Youth Office i Kiel, Tyskland inviterar til eit framtidig prosjektsamarbeid: en gruppeutveksling i perioden 6-13 oktober i Tyskland. Dei skriv:

“For 2019 we are planning an international youth exchange on youth participation in the Baltic Sea Region and we are looking for a youth council or youth organization where young people can get engaged in civil society. We are looking for youth organisations that advocate for young people and give young people an opportunity to get involved, e.g. youth councils or youth parliaments.

The exchange is supposed to take place from October 6th till October 13th in Mözen, Germany with a prep meeting in May(not mandatory)”.

Perioden for utvekslingen fell saman med skolens høstferie i Hordaland fylkeskommune. Det er i utgangspunktet deltakarar mellom 18 og 25 som kan delta, men kan ved søknad spørre om anna aldre er tillatt. Det er tillatt å sende 6-8 representantar.

Viss Ungdommens fylkesutval er interessert i dette kan vi bli partner i søknaden og få dette finansiert gjennom Erasmus+. Sjå vedlegg for meir informasjon.

Ungdommens fylkesutval bes ta stilling til om en skal delta og kven som skal delta.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval ønskjer å presentera seg for Fellesnemnda 13. mars 2019.

Eit av Ungdommens fylkesutval sine medlem i miljø og samferdsel deltar på Klimathon 2019.

Ungdommens fylkesutval sendar to representantar til Roglands arrangement «Youth has a voice».

Ungdommens fylkesting ønskjer å delta på Baltic Youth Exchange.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.